



Dyrkolbotn Fjellstove AS  
Dyrkolbotn 119  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/10426 - 20/40848

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
26.06.2020

## Oppseiing av serviceavtale - gbnr 247/10,11 Dyrkolbotn

**Tiltak:** Oppseiing serviceavtale  
**Byggjestad:** Gbnr: 247/10,11  
**Tiltakshavar:** Dyrkolbotn Fjellstove ved Signhild Dyrkolbotn

Alver kommune har den 27.05.2020 motteke melding frå Biovac Environmental Technology AS om at serviceavtalen for installert minireinseanlegg på gbnr 247/10,11 med adresse Dyrkolbotn 119, 5994 Vikanes er sagt opp. Minireinseanlegget er av typen Klargestor BE 1. Vi har fått opplyst av Biovac AS at serviceavtalen innebar service på anlegget 2 gonger i året. Etter avtalen har det vore utført service på minireinseanlegget den 02.07.2019. Neste service skulle vore gjennomført i januar 2020. Service på minireinseanlegget skal i følgje avtalen utførast av sertifiserte serviceteknikarar.

Minireinseanlegg skal driftast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale, jf. forurensningsforskrifta § 12-13. Utslepp frå prefabrikerte minireinseanlegg er berre gyldig når det ligg føre godkjend serviceavtale. Når serviceavtalen er oppsagt, vurderer Alver kommune at utsleppet er i strid med forurensningslova.

I følgje saksbehandlar hos Biovac AS vart det ikkje gitt noko forklaring på kvifor avtalen vart sagt opp. Serviceavtalen blei sagt opp den 27.05.2020.

Vi ber deg snarast om å kontakte ein leverandør for å iverksetja avtalen igjen. Dersom vi ikkje mottar melding om at avtalen er satt i drift igjen innan **23.08.2020**, vil kommunen krevje pålegg om retting i forhold til utsleppsløyvet, jf forurensningslova § 7 andre ledd første punktum:

*«Når det er fare for forurensing i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensingen sørge for tiltak for å hindre at den inntre.»*

Pålegg som ikkje vert etterkome vil bli følgd opp med tvangsmulkt, jf. forurensningslova kap. 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 på e-post eller post til:

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensningslova § 7
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.
- Kva som er søknadspliktig tiltak følgjer av plan- og bygningslova kapittel 20.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Dyrkolbotn Fjellstove AS

Dyrkolbotn 119

5994 VIKANES